



## Lærarrettleiing

### Kva er b.stem?

b.stem er ein digital læringsressurs for skuleklasser. Han er lagd opp som eit rollespel der klassa får rolla som ungdomsrådet i Snasen – ein fiktiv, mellomstor norsk kommune. Ungdomsrådet skal gje kommunestyret råd i ei viktig sak som vedkjem alle ungdommane i kommunen. Snasen kommune slit med vald, kriminalitet og rus i ungdomsmiljøet. Dei manglar fritidstilbod for ungdom, og kommunestyret skal vedta om det skal byggjast ein ny idrettshall eller eit nytt kulturhus. b.stem startar med at kommunestyret ber om ei tilråding frå ungdomsrådet. Klassa blir delt inn i fem grupper som skal setje seg inn i bakgrunnsinformasjonen for arbeidet med tilrådinga. Dei skal konsentrere seg om økonomi, helse, kriminalitet, integrering og rus.

Elevane blir kjende med situasjonen i Snasen og kva eit ungdomsråd og eit kommunestyre er. Kvar gruppe får eit sett med dokument som bakgrunnsinformasjon for fagområdet deira, til dømes avisartiklar, facebooksider og statistikk. Saman med dokumenta får gruppa nokre spørsmål som skal diskutert både i gruppa og i plenum. Ungdommane røystar over om dei skal tilrå kulturhus eller idrettshall og sender tilrådinga til kommunestyret. b.stem blir avslutta med ei tilbakemelding frå ordføraren.

Spelet varer om lag ein dobbelttime og kan enkelt setjast opp i klasserommet. Talet på spelarar bør vere minst ti elevar.

### Målgruppe:

Elevar på 10. steget og vidaregåande opplæring – primært i samfunnsfag.

### Mål:

Føremålet med undervisningspakken er å skape forståing og interesse for korleis lokaldemokratiet fungerer. Læringsressursen gjev innsikt i korleis unge kan påverke politiske prosessar. Folkevalde tek avgjerder på vegner av alle og blir påverka av ulike interesser og grupper i lokalsamfunnet. Vi ønskjer at elevane skal reflektere rundt kva rettar og pliktar ein har som innbyggjar i eit demokrati, og gjere dei medvitne om at politiske spørsmål krev prioriteringar.

### Tekniske krav:

- \* Ein lærar-PC
- \* Fem elev-PC-ar
- \* Projektor, storskjerm, lyd
- \* Internett-tilgang

Læraren må ha ein PC som er kopla til høgtalarar og storskjerm. Det er viktig at PC og storskjerm viser to ulike skjermbilete (ikkje like skjermar). Læraren får instruksjonar gjennom spelet på PC-skjermen sin, medan eit anna skjermbilete

(storskjermvindaug) skal visast på storskjerm eller lerret. For å få projektoren til å vise eit anna bilete enn det som er på laptop-skjermen, følg instruksane nedanfor:

Windows 7, 8 og 10: Hurtigtastkombinasjonen Windows + P gjer at du kan veksle mellom oppsetta "Berre datamaskin", "Duplikat", "Utvid" og "Berre projektor". Vel utvid. For å flytte eit vindaug over til den andre skjermen, klikk på tittellina på toppen av vindaug og dra vindaug over til den andre skjermen.

Mac: Når du har kopla til ekstern skjerm opnar du «Systemval». Her vel du «Skjermer>Organisering». Kontroller at PC *ikkje* er innstilt på "like skjermer» då vi ønskjer at skjermene skal vise ulike bilete. Nå kan du lukke «Systemval». Når du riggar b.stem kjem det opp eit vindaug kor det står «trekk dette vindaug over til storskjerm». Trekk så det nye vindaug over til ekstern skjerm.

### **Slik styrer læraren b.stem**

Læraren startar ein spelrunde med å gå til [b.stem.kommunespelet.no](http://b.stem.kommunespelet.no), vel "for lærar" og følgjer instruksjonane. Elevane går til same staden, vel "for elevar" og legg inn ein kode som kjem opp på storskjermen.

Læraren får instruksjonar på PC-en parallelt med at videoar og annan informasjon til elevane automatisk blir vist på storskjermen. Læraren styrer spelet med å trykkje vidare til neste steg. For kvart steg får læraren informasjon om kva som skal skje, kva ho eller han skal seie til klassa, og kort kva neste steg handlar om.

Elev-PC-ane vil automatisk få oppgåver og dokument ut ifrå kvar i spelet dei er.

### **Lærarrolla**

Læraren er sekretær for ungdomsrådet. Det inneber å leie spelet frå lærar-PC-en, vere ordstyrar og hjelpe gruppene i gang når dei diskuterer fokusområda sine.

## Dokumenta som gruppene skal gå gjennom

Gruppene får kvart sitt sett med dokument som skal diskuterast med hjelp frå gjevne spørsmål. NB! Alle gruppene bør ha penn og papir til rådvelde, slik at dei kan notere argument for og imot medan dei les dokumenta.

Alle gruppene får følgjande dokument med ei generell skildring av tilboda kulturhus og idrettshall:



Snasen kommune  
Rådmannen

Til  
Snasen Ungdomsråd

Sektor/avd/Saksb  
RAD/RAD/SH

Arkiv  
143 &13

Dykkar Ref  
01/2224-17 BAM

### Utgreiing frå kommunestyret vedrørende fritidstilbod i Snasen

I utgreiinga frå kommunestyret er det formulert kva tilbod som skal gå inn i dei to forslaga:

#### **Kulturhus:**

- Tilbod til band: øvingslokale og utlån av instrument.
- Kafé/klubb med scene for konsertar, framsyningar. Høve til filmvising/kino i kafeen.
- Foto og filmverkstad.
- Kurs innan musikk, dans, drama, videoredigering, foto. Jenteklubb retta mot innvandrarar.

#### **Idrettshall:**

- Fotballbane og friidrettsanlegg med tribune
- Fleirbrukshall
- Treningsrom, squashbaner
- Tennisbane
- Rom for kampsport og klatrevegg
- Medlemmer kan delta i eit seks månaders treningsopplegg med instruktør.
- Regelbundne, opne arrangement

Med helsing

Gunner Hartmann  
Rådmann

---

Postadresse  
9814 Snasen

Telefon 12 29 41 00  
Telefax 12 29 41 01

E-post  
postmottak@snasen.kommune.no

Organisasjonsnr.  
9184 74 382

## Økonomigruppe – spørsmål og dokument

### Spørsmål:

- De skal sjå på korleis kulturhus vs idrettshall påverkar økonomien til ungdommen.  
– Kva kostar det ungdommen å bruke eit kulturhus samanlikna med ein idrettshall?  
– Korleis kan eit kulturhus eller ein idrettshall gje inntekter?

Økonomigruppe vedlegg 1.



Snasen kommune  
Rådmannen

Til  
Snasen ungdomsråd

Sektor/avd/Saksb  
RAD/RAD/SH

Arkiv  
87&64

Dykkar Ref  
01/3424-56 BAM

### Saksdokument 3424. Kulturhus vs Idrettshall i Snasen.

I utgreiinga frå Snasen kommune kjem det fram at kostnadene med å byggje høvesvis kulturhus og idrettshall blir:

#### **Kulturhus:**

Byggjekostnad: 60 millionar kroner.

Planlagd bygd i den gamle papirfabrikken i Snasen aust (3 km frå sentrum).

Drift pr år: 6,2 millionar kroner.

#### **Idrettshall:**

Byggjekostnad: 80 millionar kroner

Planlagd bygd på Kusletta rett ved skulane.

Drift pr år: 4,8 millionar kroner.

Med helsing

Gunner Hartmann  
Rådmann

---

Postadresse  
9814 Snasen

Telefon 12 29 41 00  
Telefax 12 29 41 01

E-post  
postmottak@snasen.kommune.no

Organisasjonsnr.  
9184 74 382



## Kva kostar det for ungdom i Snasen å bruke kulturhus vs idrettshall?

Ungdomsrådet har henta inn informasjon frå elevråda i Snasen om kva det kostar ungdommen å ta i bruk høvesvis kulturhus og idrettshall. Undersøkinga tek for seg tilgjenge, reiseveg og kva det vil koste å bruke tilboda.

Her er resultatet frå undersøkinga:

Kostnader for brukarar:		
Reiseveg	<b>Kulturhus:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• dyr reiseveg -bygget ligg såpass langt utanfor sentrum at mange må bruke rutebuss</li></ul>	<b>Idrettshall:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• billig reiseveg -ligg sentralt ved skulane</li></ul>
Inngang/medlemskap	<ul style="list-style-type: none"><li>• gratis inngang og medlemskap</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• påkravd årleg kontingent for brukarar</li></ul>
Bruk av fasilitetar	<ul style="list-style-type: none"><li>• gratis øvingslokale og bruk av fasilitetar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• ein del fasilitetar og utvida kurs har tilleggskostnad</li></ul>
Anna	<ul style="list-style-type: none"><li>• betaling for undervisningstimar og kurs</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• krev privat sportsutstyr</li><li>• lån av enkelt utstyr tilbydast</li><li>• foreldredugnad</li></ul>

Postadresse  
9814 Snasen

Telefon 12 29 41 03  
Telefax 12 29 41 04

E-post  
ur@snasen.kommune.no

Organisasjonsnr.  
9184 74 383

# Snofteposten

## Kulturhuset skaper arbeidsplassar

**Raff Café på kulturhuset er blitt ein viktig møteplass for ungdommen i Snoftedal. Tre år etter at kulturhuset i Snoftedal opna, tok vi ein prat med dei som jobbar i kafeen.**

---

Av Dyveke Helgerud  
Foto: Dyveke Helgerud

---



Miriam (16) har det siste halvåret jobba tre dagar i veka etter skulen og seier ho er svært nøgd med jobben. "Det er kjekt å jobbe her. Vi er seks som jobbar i kafeen, og det er ganske mange ungdommar som jobbar med andre ting òg her på huset. Somme står i skranken, somme har ansvar for øvingslokala, og eg trur vi er 25 ungdommar til saman som har arbeidsplass i kulturhuset. I tillegg er det lokale ungdomsband som held konsertar i helgane, og dei tener litt på det òg."

Davor (17) er Miriams kollega, og han legg til: "I bandet mitt spleisar vi på øvingslokale, så det er greitt å tene litt pengar. Eg heng her då uansett, og det er her alle venene mine heng."

Beate (27) er dagleg leiar på kafeen og seier: "Raff Café og kulturhuset elles er hovudsakleg drive av ungdom på deltid. Vi er fire fulltidstilsette, men hadde aldri greidd å drive dette utan å ha ungdommen med oss. Det er artig å sjå at kulturhuset har blitt såpass populært, og Raff går økonomisk sett rundt. Det er nesten alltid fullt her om kveldane."

Ordførar Martin Snoftebakken angrar ikkje på vedtaket kommunestyret gjorde for snart fem år sidan: "Vi har sett ei svært positiv utvikling i ungdomsmiljøet vårt dei siste åra. Kulturhuset var ei viktig og god investering. Vi vurderte òg idrettshall den gongen, som òg kunne ha blitt eit godt

tilbod for ungdommen. Det ville nok ha vore eit dyrare alternativ i bygging og drift. Det hadde sikkert blitt populært det òg, men med kulturhuset vil eg seie at vi har gjort ei god investering som har store, positive ringverknader for miljøet i kommunen. Ungdommen får høve til å tene nokre ekstra kroner, men eg vil seie at vi alle tener samfunnsøkonomisk på det som skjer her. Med det meiner eg at vi brukar mindre skattepengar på kriminalitet, rus og valdsproblematikk no enn tidlegare, og ungdommen medverkar positivt med inspirerende konsertar og framsyningar.

# SNASEN HANDELSSTAND



NYHEITER

BRANSJEOVERSYN

MEDLEMSBEDRIFTER

KONTAKT

Skrive av:



Georg Gnaring,  
Formann i Snasen  
handelsstand.

<< Fleire nyheiter

## JA TIL IDRETT I SNASEN

I avisa i dag kan vi lese at kommunestyret vurderer å byggje ein ny idrettshall i Snasen. Som formann i Snasen handelsstand synest eg at det er ein god idé. Sportsbutikken vår har store utfordringar med sviktande kundegrunnlag, då altfor få i Snasen er interesserte i sport.

Om vi byggjer eit idrettsanlegg i kommunen, vil dette ha mange positive effektar. Ein ting er den generelle helsa til snaseborgarane. Men det vil òg skape mange nye arbeidsplassar og danna næringsgrunnlag for verksemder i kategoriar som til dømes sportsutstyr, helsekost og transportnæring. Den verna verksemda "Kvardagssol" vil få hendene fulle med å sy logoar på fotballdrakter.

Det er ingen tvil om at vi vil få fleire butikkar og arbeidsplassar dersom det blir bygt ein idrettshall i Snasen.



*Stadig kjem ungdom innom og spør om deltid-arbeid, men grunna sviktande kundegrunnlag er det ikkje realistisk å tilsette nokon i denne forretninga, seier innehavar og einaste tilsette i generasjonsbutikken Snasen Sport og Fritid, Eldar Dvaskhaug.*

OPNINGSTIDER

AKTIVITETSKALENDER

## Integreringsgruppe – spørsmål og dokument

### Spørsmål:

De skal vurdere kva eit kulturhus eller ein idrettshall har å seie for integreringa i kommunen.

- Kor viktig er integreringsomsynet i denne saka?
- Kva tilbod bør vi velje om vi vil ha med flest mogleg ungdommar som ikkje er etnisk norske?
- Kva arena vil best inkludere ungdommar med nedsett funksjonsevne – fysisk og psykisk?

Integreringsgruppe vedlegg 1.

# SNASEN SKULEAVIS

## Snasenborgarar uttalar seg om komande fritidstilbod

Snasen ungdomsskules digitale skuleavis har spurt innbyggjarar med innvandrarbakgrunn kva dei tenkjer om fritidstilboda som blir diskuterte i kommunen.

Tekst og bilete: Eivind Doffen

Opeyemi (15) frå Nigeria: "Eg håper ordføraren hugsar på oss med annan bakgrunn når det skal veljast mellom kulturhus eller idrettshall. Dei må velje ei løysing der alle kulturar kan få ein plass. Eg skulle ønskje det var ei bra fotballbane i Snasen, så eg håper litt på noko innan idrett. Men storesystema mi er skikkeleg god til å danse, så kulturhus ville vere bra for henne."

Sayran (17): "Om det skal vere noko for oss, så må det vere noko vi òg synest er artig å drive med. Integrering er ikkje berre å få innvandraraktilar til å drive med norske ting. Vi må få til noko som er morosamt å gjere saman. Fotball og kickboksing er bra, og dansing, men det viktigaste er å gjere ting saman alle saman, gutar og jenter saman."




*Opeyemi håper på fotballbane i Snasen og ber ordføraren tenkje på innbyggjarane med ein annan bakgrunn når det skal byggjast nye fritidstilbod.*

Nimuel: "Eg flytta til Snasen frå Filippinane i 87 då eg var 13 år. Den gongen var det ungdomsklubb i Snasen, og det var der eg fekk venene mine, for eg byrja med break dance. Eg veit ikkje kva eg hadde gjort om det ikkje var for den klubben. Det er synd han er nedlagd. Det var jo litt annleis den gongen, men eg trur at eit kulturhus ville vore veldig bra for ungdommen i Snasen i dag."



# Blefjord Blad

## Kommunen tilrettela for Ragas suksess



*Raga Hurricas takkar kommunen for satsing på idrett.*

Av Birk Ble  
Foto: Trendpix

Raga Hurricas er regjerande noreg-smeister i sprint og skal delta i neste Sommar-OL. Ho flytta til Blefjord som niåring og seier at det kommunen gjorde for å leggje til rette for idrett, var avgjerande ikkje berre for idrettskarrieren hennar, men òg for korleis møtet hennar med eit nytt land blei.

"Eg hugsar det var skummelt å flytte til eit heilt nytt land der eg ikkje kjende nokon, og eg kunne ikkje språket dei andre borna snakka. Dei hadde akkurat bygt eit nytt idrettsanlegg i Blefjord, og vi hadde gym der ein gong i veka. Gymlæraren meinte eg hadde talent, og det enda med at eg byrja med friidrett. Det var eit kjempebra miljø, og eg fekk mange gode vener. Eg ville berre vere i idrettsanlegget, springe og vere i lag med venene mine. Det har hatt alt å seie for meg", seier Hurricas til Blefjord blad.



Fleire nyheitsaker:

-Auka interesse for politikk  
-Demonstrasjon i Snasen  
-Ny leiar i SU  
-SNE-tomt skaper debatt

Kva gjer ungdomsrådet  
eigentleg?

Skjer det noko i nær-  
miljøet ditt som du vil  
snakke om?  
Snakk med oss!

<< Førre sak    Neste sak >>

## Kva slags fritidstilbod ønskjer dei med nedsett funksjonsevne seg?

**Ungdomsrådet har hatt samtalar med elvar med nedsett funksjonsevne på ungdomsskulen i Snasen og spurt dei kva dei tenkjer om debatten.**

Her er utdrag frå svara som kom inn.

**Ida, 16 år.** - *I den kommunen eg budde i før, var det fokus på at alle skulle få vere med på alt. Eg er blind og dreiv med breakdance på kulturhuset. Skulle ønskje eg kunne halde fram med å danse, sjølv om vi har flytta til Snasen.*

**Amina 15 år.** - *Eg har CP og skulle ønskje det fanst tilbod der eg kunne vere med på lik line med dei som er funksjonsfriske. Det er egentleg ikkje noko tilbod for meg etter skuletid, men eg er veldig musikkinteressert og skriv ein del låtar og tekstar. Det hadde vore gøy om nokon ville hjelpe meg med å framføre dei saman med meg.*

**-Robin, 15 år.** - *Eg har Downs syndrom og trenar med vekter heime. Eg ville gjere ha trent med andre. Eg har høyrte at om dei byggjer idrettshall i Snasen, blir det styrkerom der. Der vil eg byrje å trene.*

**-Rachid, 16 år.** - *Har sett på TV at nokon driv med rullestolfotball. Eg sit sjølv i rullestol, og det hadde vore utruleg artig å kunne vere med på noko sånt. Det blir fort for mykje playstation.*


## Helsegruppe – spørsmål og dokument

### Spørsmål:

De skal diskutere helsevinsten for unge innbyggjarar i Snasen ved etablering av eit kulturhus kontra ein idrettshall.

- Kva tilbod gjev best psykisk helse?
- Kva tilbod gjev best fysisk helse?
- Kva tilbod gjev best heilskapleg helse?

Helsegruppe vedlegg 1.



## Helsegruppe vedlegg 2.



Snasen ungdomsråd



Melding Varsler

Snasen Ungdomsråd Medlemmer Arrangementer Bilder Filer

Skriv innlegg Legg til bilde/video Still spørsmål

Skriv noe ...

**Snasen ungdomsråd** 9 min · Oslo

Vi i Snasen ungdomsråd har blitt bedne om å kome med ei tilråding til kommunestyret om det skal byggjast eit kulturhus for ungdom eller ein ny idrettshall. Vi vil gjerne ha innspel frå ungdommar i Snasen, som vi kan ta med i diskusjonen vi har i ungdomsrådet.

Liker · Kommenter

**Andrine Bong** Viss eg skulle ha drive med idrett, noko eg synest er dritkeisamt, måtte det ha vore fordi eg skal sjå bra ut i bikini til sommaren. Synest de burde få med at det skal vere solarium der, og helsestudio. Då gidd eg kanskje. 4 min · Liker ikke · 73

**Julie Birking** Eg synest det er vanskeleg å velje, for eg har tenkt å bli dansar i musikkvideoar, og då treng ein både veltrent kropp og å vere god til å danse. Eg ser allereie ganske bra ut, trenar litt heime, men eg synest vi skal byggje begge deler. 4 min · Liker ikke · 13

**Markus Binge** Eg trivst best åleine heime, synest alle er teite og hadde nok halde meg langt unna eit kulturhus eller ein idrettshall. Eg gidd som regel ikkje ein gong å stå opp for å gå på skulen. Blir dårleg av at alle helle tida diggar kroppane sine og trur dei er så deilige. Snasen er ein dritkommune. Trur eg døyr!!!! 4 min · Liker ikke · 1

**Sofia Harryet** LOL Du er så sjukt sytete!!! No er det faktisk nokon som gidd å gjere noko her, det er dritbra, og du berre syter. Eg trur du burde kome deg ut og gjere noko snart. Liker: 197

**Mustafa O. Tamim** Det er mange fotballinteresserte i Snasen. Ser berre fotball på TV og spelar FIFA. Skulle hatt ei bra fotballbane, så kanskje vi kunne ha prøvt sjølve. Hadde eigentleg vore litt kult. 3 min · Liker ikke · 62

**Nafrim Talik** Fotball er då berre døvt, ikkje tru at alle diggar fotball berre fordi du gjer det. Eit kulturhus får kanskje ei skikkeleg scene, så vi kan få nokre bra konsertar her. Det kjem då aldri kjende artistar hit, berre gæmlisband på kroa. Liker: 8

**Sofia Harryet** OMG, gleder meg til å se Mustafa O. Tamim på fotballbanen!! Jordskjelv ROFL!! Her er det bare å holde seg langt unna! Liker: 261

**Kåre Krumtabu** Uansett kva det blir, så er det vekkasta pengar. Det er då ingen i Snasen som driv noko særleg med desse tinga. Berre dei døve folka, og eg er lei av alt maset om at vi skal aktiviserast. I gjengen finn vi på masse artig. Playstation og pottis er kongel! 2 min · Liker ikke · 21

**Siri Brummeldal** Her var det mange useriøse innlegg. Prøv å ikkje berre tenk på dykk sjølve! Eg kjenner til mange i Snasen som slit med psyken, og dei kunne absolutt hatt godt av det sosiale som eit kulturhus kan føre til. Ser då berre her på denne sida at fleire slit. I eit kulturhus får vi kanskje ein bra kafé, og vi kan gå på konsertar. Kor kult er ikkje det? 2 min · Liker ikke · 14

**Sofia Harryet** WTF! Flinskis ass, treng du at kommunen brukar mange millionar på at du skal få deg vener eller? Kan ikkje du berre byrje med å gå på festar i staden, eller er du så vaksen og prippen? Liker: 84

**Ylva Mestad** Driitt a, Sofia Harryet, du trur at alle diggar deg og dei døve festane dine. Slutt å disse, Siri Brummeldal har eit poeng. Det er ikkje alle som diggar Isac Elliot heller. Liker: 32

Skriv en kommentar ...

## **Innlegg i Snasenavisa**

### **Kommentar til fritidsdebatten**

Situasjonen i dagens Snasen er alvorleg. Som helsesyster i kommunen ser eg at mange unge opplever stress og slit i kvardagen. Mange unge har søvnproblem og kjenner håpløyse. Over 10 prosent har høgt nivå av depressive symptom og 20 prosent slit med overvekt.

Fysisk og psykisk helse går hand i hand, for fysisk aktivitet styrkjer både den fysiske og den psykiske helsa vår. Men mange unge i Snasen slit med depresjon og einsemd, og dette fører til passivitet. Det er ein vond sirkel, og noko må gjerast. Det er difor viktig at kommunen tek tak i dette. Det må leggjast til rette for sosiale aktivitetar der ungdommen kan samle seg om felles aktivitetar. Trygg tilknytning og godt samspel blant dei unge er det første som må på plass. Idrett, musikk, dans og drama er gode verkemiddel, men for å få til dette treng vi lågterskeltilbod med personell som ser og følgjer opp ungdommane på deira premissar. Det vi treng, er ansvarlege vaksne som fangar opp einskildindivid og kan setje i verk tiltak. Om det er idrett eller kultur som er innfallsvinkelen, er ikkje det viktigaste. Det viktigaste er at noko må gjerast no!

**Åsa Helseth,  
Helsesyster i Snasen**

**Statens statistikkbyrå**

> Statistikk > Forskning > Rapportar > Om SSB > Logg inn

Global statistikk  
Nasjonal statistikk  
Kommunal statistikk

Snasen > Fritid > Ungdom

Populære søk Snasen:

- Inntekt
- Kollektivtrafikk
- Eldrebelegje
- Rovdyr

Bli med i spørje-granskning. Klikk her.

Rekordår for folkeauke.

<< Færre sak Neste sak >>

## Deltaking i organiserte fritidsaktivitetar blant ungdom i Snasen

Statens statistikkbyrå gjorde for eit år sidan ei landsdekkjande undersøking blant ungdom mellom 13 og 19 år der føremålet var å kartlegge kva dei gjer i fritida. Her er tala frå Snasen kommune.

Blant Snasens 10.000 innbyggjarar er det 831 personar som er 13–19 år. Aktiviteten blant desse er fordelt som følger:

Aktivitet	Tal
Organisert Fotball:	41
Andre organiserte sportsgreiner:	74
Musikk:	52
Dans og drama:	49
Organiserte fritidsaktivitetar elles:	120

Dette er tal henta inn frå eksisterande idrettsorganisasjonar og kulturinstitusjonar.

> Kontakt oss > Nyheitsbrev > Nettstadskart > Personvern > Stikkord

## Gruppe for førebygging av rusmisbruk – spørsmål og dokument

### Spørsmål:

De skal vurdere om kulturhus eller idrettshall er mest føremålstenleg som førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge innbyggjarar i Snasen.

- Korleis førebyggjer ein rusmisbruk?
- Kva tilbod kan best vere med på å førebyggje rusmisbruk?

Rusgruppe vedlegg 1.

Til  
Kommunestyret  
i Snasen kommune  
Postboks 1002  
9814 Snasen

Fra  
Arne Rable  
Snasen VGS  
Kofteveien 2  
9833 Snasen

Eg elsker jobben min. Eg gjer det eg kan i stillinga mi som sosialrådgjevar for ungdommane på skulen, men jobben min har blitt altfor travel dei siste åra. Det er så mykje eg ser burde ha vore gjort, men som eg ikkje har kapasitet til å ta meg av. Eg brukar dagane til å snakke med ungdommane i skuletida, men eg har ikkje tid til å snakke med alle. Difor skulle eg ønskje at vi var fleire i same stilling. I tillegg bør det etablerast eit tilbod for ungdommane etter skuletid.

Alkohol og narkotika er lett tilgjengeleg for unge i Snasen. Unge menneske er søkjande, og dei treng utfordringar, fysisk aktivitet og møteplassar. No skal eg ikkje skjere alle ungdommane over ein kam, men der er alltid ei gruppe blant dei unge som fell utanfor, eller søker veldig mot spenning og utfordringar. Om dei ikkje har noko tilbod, ser mange rus som eit spennande alternativ, og nettopp det skjer i aukande grad i Snasen. Eg håper for ungdommanes skuld og for framtida til Snasen at det snart blir bygt opp gode fritidsaktivitetar i kommunen vår. Helsing Arne Rable, sosialrådgjevar på Snasen vgs.

Hilsen  
Arne Rable  
Sosialrådgjevar på Snasen vgs.

*Arne Rable*

# Snasen Tidende.no



**Lesarinnlegg**  
Skrive av Remy Glad,  
Vokalist i Popsnas

Vi hadde stor suksess med bandet vårt på 90-talet. Vi gav ut fem album og reiste rundt i heile verda og heldt konsertar, og fleire av låtane våre låg på listene i både USA og Europa. Det var eit eventyr, men det heile byrja på 80-talet, heime i Snasen. Vi var ein liten kompisgjeng på skulen som hadde falle litt utanfor, ingen av oss digga verken speidaren eller kyrkjelyden, og det fanst ikkje så mykje anna å gjere. Ikkje noko var kult nok, vi gav temmeleg f i alt eigentleg, gjekk på festar, tagga, keia oss, høyrde på musikk. Vi debuterte tidleg på fylla, det blei drugs, vi ville prøve alt. Men så bygde dei ungdomsklubben. Der hadde dei bandrom med mange instrument som vi berre kunne bruke. Vi hang meir og meir der, lærte oss å spele, laga låtar. På den første konserten vår på klubben kom det mykje folk. Eg trur det må ha vore den stoltaste augneblinken i livet mitt! På mange måtar kan ein vel seie at klubben berga oss og mange andre på den tida. No bur eg i London, men når eg er heime i Snasen, er det som å få ein gufs frå fortida, før klubben, med ungdom som driv rundt, slåst og dopar seg. Merkeleg at den klubben blei nedlagd. Det er utruleg trist å sjå.

## Kommentarar

Bli med i diskusjonen...

Vis ein ny kommentar



**Lovely** for 11 minutt sidan

Eg hugsar deg frå den tida. Vi hadde òg eit band, men vi slo ikkje like bra an akkurat. Det du ikkje nemner, er at det òg var mykje dealing på klubben, og mange blei rekrutterte til rusmiljøet der òg. Vi fekk eit samhald og ein møteplass, men grunnen til at klubben blei lagd ned, var vel at han blei sentrum for mykje drit, og dei idiotiske politikarane den gongen trudde dei løyste problemet og sparte pengar.

3 ^ | v •Svar •Del



**Tobias** for 15 minutt sidan

Dette som blir nemnt her, er viktige erfaringar vi må ta med oss vidare, og om vi no byggjer eit nytt tilbod av same typen, er det utruleg viktig å følgje opp ungdommen på dette området. Det held ikkje berre å gje dei gitarar og ein stad å vere. Dei treng å bli sedde, følgde opp og bli backa opp av vaksne med gode haldningar og dedikert interesse for ungdomsarbeid.

5 ^ | v •Svar •Del



**Gulost** for 17 minutt sidan

For å få bukt med rusproblema i Snasen meiner eg at idrett er den beste løysinga. Då blir fokuset meir retta mot helse og fysisk prestasjon, og vi må ha nulltoleranse med tanke på narkotiske stoff i idretten. Ungdom i Snasen må strammast opp, slutte å late seg. Og om vi får fleire inn i idretten, vil vi nok fort merke ei betring i situasjonen vi har no.

8 ^ | v •Svar •Del

Vis fleire kommentarar



Populære søk Snasen:

- Inntekt
- Kollektivtrafikk
- Eldrebelgja
- Rovdyr

Bli med i spørje-gransking. [Klikk her.](#)


Rekordsår for folkeauka.

<< Førrer sak    Neste sak >>

## Rusrelaterte politimeldingar vs satsing på fritidstilbod i Snasen kommune


Statistikk for rusrelaterte meldingar samanstilte med satsinga på fritidstilbod for ungdom i Snasen.

Frå politiregistret har vi henta ut statistikk for rusrelaterte politimeldingar frå 1990 til i dag.



Kjelde: Snasen lensmannskontor

Ved å sjå på budsjetta til Snasen kommune i tidsrommet 1990–2015 ser vi utviklinga i satsing på kultur- og idrettstilbod i kommunen. Kommunestyret har i år vedteke å heve budsjettet kraftig.



Kjelde: Snasen kommune

## Gruppe for førebygging av kriminalitet – spørsmål og dokument

### Spørsmål:

De skal vurdere om eit kulturhus eller ein idrettshall er mest føremålstenleg om ein skal førebyggje ungdomskriminalitet i Snasen.

- Korleis kan ein førebyggje kriminalitet?
- Kva tilbod kan best vere med på å førebyggje kriminalitet?

Kriminalitetsgruppe vedlegg 1.



**VIKTIG!**

Ungdomsrådet har snakka med lensmannen i Snasen. I dette dokumentet ser de kva han sa.

**TA OPP PÅ NESTE MØTE!!!**

**Notat frå samtale med lensmannen i Snasen.**

Lensmannen uttalar: "Utviklinga vi ser i Snasen no, er skremmande. Målsetjinga vår om at alle skal vere trygge i Snasen, har blitt sett på prøve. Det har vore ein kraftig auke i kriminalitet utført av unge menneske. Vi på lensmannskontoret har hendene fulle kvar kveld, og i helgane er vi nærast sprengde på kapasitet. I Snasen, der vi tidlegare berre har opplevt små lovbrøt, ser vi no eit tungt belasta miljø. Kriminelle frå større kommunar kjem inn og vervar ungdom til vinningskriminalitet og narkotikaverksemnd. Grovt hærverk og vald opplever vi nesten dagleg. Vi har ein dialog med kommunestyret om dette, og førebyggjande tiltak må setjast i verk snarast. Ungdommen her manglar rett og slett gode aktivitetstilbod på fritida."

- Global statistikk
- Nasjonal statistikk
- Kommunal statistikk

Snasen > Fritid > Ungdom

Populære søk Snasen:

- Inntekt
- Kollektivtrafikk
- Eldrebetaling
- Rovdyr


Bli med i spørje-gransking. Klikk her.

Rekordår for folkeuke.

<< Færre søk    Neste søk >>

## Kriminalitet i Snasen kommune

Grafen viser kriminalitet i kommunen frå slutten av 90-talet og fram til no.



Kjelde: Snasen lensmannskontor

## Kriminalitetsgruppe vedlegg 3.

# SNASEN ANTIVOLD

[Snasen Antivold](#) | [Medlemmer](#) | [Arrangementer](#) | [Bilder](#) | [Filer](#) |

[Skriv innlegg](#) | [Legg til bilde/video](#) | [Still spørsmål](#)

Skriv noe ...

**SA Snasen Antivold**  
2 måneder siden · Snasen

Forslag til slagord? Situasjonen vi har i Snasen, er ikkje haldbar. Vi opplever valdsituasjonar kvar veke, og politikarane må gjere noko! Til den frededelege demonstrasjonen vi skal ha på onsdag, treng vi forslag til slagord!

Liker · Kommenter

**Birger Glopp** Ordfører Mona Bull må få opp farta. Ho har snakka om å gjere noko i lang tid, men vi treng handling! Foreslår "Opp med farta Mona Bull!"  
2 måneder siden 34

**Adrian Welling** Bror min blei rana med kniv i går av nokre dritungar utanfor Rema. Kva skjer i Snasen!? Kan ikkje kidsa berre spele fotball eller gjere ting som normale ungar gjer? Eg stiller i demonstrasjon og ropar: "Idrett er betre enn vald! Bygg ei fotballbane no!"  
2 måneder siden 25

**Suzanna Ivovov** Forslaget om kulturhus er eit etterlengta tilbod til alle unge i Snasen. Kulturlivet her er dødt, sjølv om vi har mange talent som vil ha glede av å drive meir med musikk, dans og drama på fritida. Men aller viktigast er det å få ungdommen vekk frå gata og inni noko som er meir meningsfylt! Eg foreslår: "Meir kultur i Snasen!" med undertekst: "Snasen døyr om vi ikkje får kulturliv!"  
2 måneder siden 25

**Mina Buttenvik** Den situasjonen vi har i Snasen i dag med vald og kriminalitet, det er vel eit tidsspørsmål før dette eskalerer og liv går tapt. Foreslår: "Redd Snasen frå vald og død!"  
2 måneder siden 25

**Mustafa Ishab** Politikarane må snart sjå denne situasjonen i eit langtidsperspektiv. I Snasen i dag lærer ungdommen å løyse konfliktar gjennom vald og gjengverksemd. Om nokre år, har dei same menneska familiar og er arbeidstakarar. Det er betre å bruke pengar på gode fritidstilbod no enn krisesenter og politi om ti år! Foreslår: "Gode fritidstilbod = betre fellesskap!"  
2 måneder siden 25

**SA**

OM 63 medlemmer

Snasen antivold krev nulltoleranse for all vald. Sei di meining til politikarane. Du vil bli høyrte!

**Hva handler denne gruppen om?**  
**Angi tagger**